HELSE FØRDE

# NOTAT

| | |
|---|---|
| **GÅR TIL:** | Styremedlemmer |
| **FØRETAK:** | Helse Førde HF |
| **DATO:** | 03.06.2022 |
| **FRÅ:** | Administrerande direktør Arve Varden |
| **SAKSHANDSAMAR:** | Berit Irene Haarklau |
| **SAKA GJELD:** | **Saker til oppfølging etter styremøte** |
| | |
| **ARKIVSAK:** | 2022/92 |
| **STYRESAK:** | **033/2022** |
| **STYREMØTE:** | **16.06.2022** |

**Administrerande direktør si orientering pkt. 3**

| **Saker til oppfølging etter styremøte i Helse Førde HF** | | |
|---|---|---|
| **Møtedato/sak/tittel** | **Oppfølging** | **Status** |
| **22.11.2019**<br>088/2019<br>Adm. direktør si orientering | *Styret ønskjer at AD orienterer om rapport som vert sendt til Helse Vest RHF 2 gonger årleg om lærlingar.* | *Punkt til AD orientering 19.06.2020, 18.12.2020, 22.06.2021, 17.12.2021.* |
| **25.11.2021**<br>073/2021<br>Prehospital plan fase 3 | *Vedtak:*<br>*Styret viser til bestilling gitt til administrerande direktør då styresak 007/2020 vart handsama i januar 2020, og gjer følgjande vedtak:*<br><br>*Punkt 1-6, jf. styreprotokollen*<br><br>*7. Administrerande direktør skal orientere styret om framdrift i arbeidet med innføring av prehospital plan, og endringar i nasjonale føringar for tenestene.* | |
| **17.12.2021**<br>082/2021<br>Budsjett 2022 – Helse Førde HF | *Vedtak:*<br>*1. Styret i Helse Førde HF vedtek budsjett for Helse Førde HF for 2022 i samsvar med framlegg frå administrerande direktør.*<br>*2. Styret gjev administrerande direktør fullmakt til å gjere naudsynte justeringar/endringar innanfor ramma av vedteke budsjett.*<br>*3. Styret ber administrerande direktør følgje opp den økonomiske styringa i høve til budsjett og rapportere til styret gjennom 2022.* | |

HELSE FØRDE

<table>
<tr><td></td><td colspan="2">4. Styret ber administrerande direktør følgje konsekvensane av budsjett-tiltaka nøye, særleg med tanke på HMS for tilsette, kvalitet i tenestene og pasienttryggleik.</td></tr>
<tr><td>17.12.2021<br>083/2021<br>Investeringsbudsjett 2022 – Helse Førde HF</td><td colspan="2"><u>Vedtak:</u><br>1. Styret vedtek følgjande investeringsbudsjett for 2022:<br>
<table>
<tr><th>Investeringsbudsjett 2022<br>(tal i tusen kroner)</th><th>Budsjett 2022</th></tr>
<tr><td>Byggteknisk infrastruktur</td><td>8 600</td></tr>
<tr><td>Arealplan Lærdal</td><td>2 000</td></tr>
<tr><td>Nye Førde sjukehus</td><td>267 700</td></tr>
<tr><td>Sum</td><td>278 300</td></tr>
<tr><td>Medisinskteknisk utstyr (MTU)</td><td>40 000</td></tr>
<tr><td>IKT</td><td>3 600</td></tr>
<tr><td>Ambulansar</td><td>10 000</td></tr>
<tr><td>Sum MTU og andre investeringar</td><td>53 600</td></tr>
<tr><td>Sum investeringar</td><td>331 900</td></tr>
</table>
2. Styret gjev administrerande direktør fullmakt til å gjere mindre tilpassingar innanfor ramma til investeringsbudsjettet. Administrerande direktør rapporterer til styret tilpassingar som er gjort sidan førre evaluering av investeringsplan.<br>3. Styret ber administrerande direktør legge fram fem-årig investeringsplan til styremøtet i mai 2022.<br>4. Styret ber administrerande direktør formalisere avtale om lån av bereevne frå Helse Vest.</td></tr>
<tr><td>28.01.2022<br>005/2022<br>Utviklingsplanen – Helse Førde HF</td><td>Styret ønskjer at utviklingsplanen kan vere tema i eit styreseminar.<br><br><u>Vedtak</u>:<br>1. Styret godkjenner Utviklingsplan Helse Førde 2035 med dei justeringar administrerande direktør har føreslege å ta inn frå høyringsrunden.<br>2. Utviklingsplanen vert send til Helse Vest innan 1. mars 2022.<br>3. Styret legg til grunn at utviklingsplanen vert fortløpande oppdatert med statusmeldingar om måloppnåing, data og andre mindre justeringar.</td><td>Utviklingsplanen blir tema i eit styreseminar vår 2022<br><br>Utviklingsplanen oversendt til Helse Vest innan 01.03.2022</td></tr>
<tr><td>18.03.2022<br>011/2022<br>Adm. direktør si orientering</td><td>Pkt. 5 Psykisk helsevern – status<br><br>Styret ønskjer denne orienteringa innom styret for å følgje tett</td><td>Blir orientering i styremøte 16.06.2022, jf. 033/2022</td></tr>
<tr><td>13.05.2022<br>025/2022<br>Rapportering frå verksemda per april 2022</td><td><u>Styret etterspør:</u><br>Ei orientering til seinare om helsefellesskapet, korleis vi jobbar saman med kommunane. Nokre få utvalde kvalitetsindikatorar, korleis vi jobbar systematisk med dette.</td><td></td></tr>
</table>

| | | |
|---|---|---|
| | *Styreleiar Krakhellen oppsummerte med at styret vil avvente til neste orientering om trenden og den økonomiske utviklinga. Vi kan då sjå på utfordringar og tiltak.* | |
| **13.05.2022**<br>026/2022<br>Økonomisk langtidsplan 2023-2027 | *<u>Vedtak</u>:*<br>*Styret syner til saksframlegget og vedtek økonomisk langtidsplan for Helse Førde HF for perioden 2023-2027 i samsvar med framlegg frå administrerande direktør.*<br><br>*Styret har merka seg drøftingsprotokoll frå tillitsvalde med innspel til økonomisk langtidsplan, og ber om at innspelet blir teke med i det vidare arbeid.* | |
| **13.05.2022**<br>027/2022<br>Revisjon av inntektsfordelingsmodellen prehospitale tenester | *<u>Vedtak</u>:*<br>*Styret støtter utvalet sitt forslag til ny inntektsfordelingsmodell for prehospitale tenester i Helse Vest, men med følgjande kommentar:*<br>*1. Styret oppmodar Helse Vest til å vurdere beløpet som blir fordelt gjennom denne modellen, årleg. Behovet innanfor somatikk, psykisk helsevern og prehospitale tenester kan utvikle seg ulikt framover. Grunnlaget i fordelinga mellom inntektsmodellane byggjer på at faktisk fordeling av ressursar mellom tenesteområde reflekterer behovet i befolkninga. Dette føreset jamleg oppdatering av beløpa som vert fordelt i dei ulike modellane.*<br><br>*2. Styret meiner Helse Vest bør ta i bruk ny modell frå og med budsjettåret 2023.* | *Styrevedtak er oversendt til Helse Vest RHF* |